



Perleskum

TYTEBÆRET

Til Tormod og Haldis.

Perleskum

Musikk av Jorun Marie Kvernberg
til dikt av Aasmund Olavsson Vinje

Eg vart for alvor kjend med Aasmund Olavsson Vinje våren 2018. Den tvisynte landsmål-pioneren fylte 200 år, og det vart feira over heile landet. Eg sjølv sat passande nok i Ivar Aasen sine heimtrakter og dikta nye tonar til Aasmund sine evig unge dikt. Målet var Førde Internasjonale Folkemusikkfestival i juli same år. Hit vart eg spurd om å ta med meg nykomponert musikk og handplukka musikkarar for å lage ein konsert for born og unge – om med Aasmund Olavsson Vinje.

Resultatet vart barneframsyninga «På geitevis» med Unni Boksasp (folkesong), Daniel Herskedal (tuba), Dag-Filip Roaldsnæs (piano) og meg sjølv på fele/hardingfele/song. Tore Nysæther stod for manus og regi. Sidan levde dei ny-gamle visene våre vidare både i skulekonsertformatet og seinare i konsertversjonen som fekk namnet «Perleskum».



Eg fann fort ut at det ikkje er heilt enkelt å formidle Vinje til born og unge. Han brukar ord og vendar me ikkje er vane med i dag. Bileta og referansane kan også vere ukjende for både liten og stor. Men nettopp det å ha denne unge målgruppa gjorde at eg verkeleg måtte freiste å forstå kva Aasmund eigentleg sa i dikta sine før eg laga musikk til dei. Og sesam, sesam – rikdomen openberra seg og eg vart sjølv bergteken!

I det vidare arbeidet med å opne dører inn til Vinje si diktning, har eg difor kjent meg fri til å plukke vers, flytte og endre på ord, setningar og titlar. Endå til hovud-karakteren har fått ny ham somme tider (han til ho). Kanskje ville han ha slengt etter meg noko spit for dette, men eg trur det ville vore med eit lurt smil bak skjegget.

Tusen takk til det eminente reisefølget Unni, Daniel og Dag-Filip som har raffinert og forgylt det musikalske utgangspunktet på alle vis. Så inspirerande, smakfullt, innsiktsfullt og musikalsk!

Jorun Marie

Perleskum [PEARLY FROTH]

Music by Jorun Marie Kvernberg
to poems by Aasmund Olavsson Vinje

I became acquainted with the works of Aasmund Olavsson Vinje (1818–1870) in Spring 2018. The 200th anniversary of the Norwegian poet, journalist and pioneer of New Norwegian was celebrated all across Norway. I was commissioned to set Vinje's perpetually fresh poems to compositions based on Norwegian traditional music. The commission was given by the Førde International Folk Music Festival, and the target audience defined as children and adolescents.

This resulted in the children's show 'På geitevis' [As Goats Do], performed by Unni Boksasp (voice), Daniel Herskedal (tuba), Dag-Filip Roaldsnes (piano) and myself (fiddle/Hardanger fiddle/voice). Tore Nysæther was responsible for the script and direction. Since then the material has lived on in the form of school concerts and finally the concert version titled 'Perleskum' [Pearly Froth].

I quickly realized that conveying Vinje to children and adolescents is no easy tasks. He uses words and phrases that we are no longer familiar with. His imagery and allusions may seem strange to young and old alike. But having this youthful audience forced to really delve into what Vinje was actually saying in his poems before setting them to music. This journey truly opened up his riches to me, so that I, too, was captivated.

In the process of opening doors to Vinje's poetry, I have taken the liberty of selecting verses and moving or modifying words, phrases and titles. Even the central character has sometimes been changed (he into she). He might well have chastised me for this, but most likely with a knowing smile.

I would like to express my gratitude to my eminent companions Unni, Daniel and Dag-Filip for refining and gilding the music in every possible way. Their contribution was inspiring, tasteful, insightful and thoroughly musical.

Jorun Marie

1. VÅRKJENNING

Det er vår. Alt spirar og gror, finn i hop og formeirar seg. Han vil òg vere med på kjærleiken – men står i staden og raudnar, til spott og spe. Han må ut! Ut og skape liv, som alt det andre!

Det spreter i lauv og det skyt i knupp og blom vil bera.
Det vårar i alt, og eg vaknar upp og med vil vera.
Det andar imot meg frå fjell og fjord. Av liv det huskar.
Det kvitrap og syng og knuppar og gror i alle buskar.

Den svala ho sit som i elskesut på svarte stake.
Eg vil opp, eg vil fram, eg vil vekk, eg vil ut, eg vil ha ein make.
Dei fyker mot nord desse fuglepar som hav ei skilja.
Der i sumarsoli som aldri gla'r dei elskar vilja.

Det spreter i lauv og det skyt i knupp og blom vil bera.
Det vårar i alt, og eg vaknar upp og med vil vera.
Det andar imot meg frå fjell og fjord. Av liv det huskar.
Det kvitrap og syng og knuppar og gror i alle buskar.

Det vårar og vårar og ut meg driv til fram å vandre.
Eg lyst ut, eg lyst ut og skapa liv som alt det andre.
Skal eg raudna av skam for gras og lauv, eg sterke drengen?
Skal eg vera til spe for klo og klauv og minste vengen?

Det vårar og vårar og ut meg driv til fram å vandre.
Eg lyst ut, eg lyst ut og skapa liv som alt det andre.
Skal eg raudna av skam for gras og lauv, eg sterke drengen?
Eg lyst ut, eg lyst ut!

SPRING SENSATION. *Spring has arrived. All living things are sprouting, growing, finding mates and procreating. He, too, wants love – but instead he is left scorned and blushing. He has to get out into the world! Out, to create life like everyone else!*

2. NYÅRS-VISE

Første nye dag i det nye året gir tankar om kva me eigentleg gjer her på jorda. Me sviv rundt ikring, kavar oss opp att når me dett, og strevar oss vidare – endå så lite me veit om kvifor me er med på denne runddansen!

Du milestolpe på livsens veg,
du nyårs-dag!

Her sit eg kvilande inn med deg,
og sveitten turkar og pusten dreg
i djupe drag.

Eg veit 'kje rett der eg kjem ifrå
og mindre enn,
kvaretter eg på mi ferd skal gå,
og når eg ein gong fær stille stå
og enda den.

Vi arme meina, at dette renn
so viist er gjort,
og fram vi spenna oss spenn frå spenn
og trur vi etter skal finna den
som slengd' oss bort.

Som soli sviva vi rundt ikring;
ho ikkje veit,
kvifor ho reikar i ring og ring,
og derfor er vel den arme ting
i hug so heit.

Som sol og stjerner vi slengjast bort
i vide rom,
vi vanka vide og fara fort;
kva slikt har på seg vi ikkje stort
få vita om.

Og over fossar og flaumfull å
eg setja lyt,
frå fjøll og fjøre eg fara må,
og båten løyser eg bandet frå
og ut på skyt.

På bylgja dansar eg lett og radt,
som lom og and,
og brotnar mast, tek eg åri fatt,
og auser båten med slitne hatt,
og kjem åt land.

Som soli sviva...
Som sol og stjerner

Det er slik gaman å reika rundt
at læ ein må,
og ryker noko på råsi sundt,
ein græter, gjerer det altfor vondt,
og jagar på.

Og når eg stupar på denne veg,
ein annen her
vil koma strevande liksom eg,
og kanskje snåvar han over meg
som ligger der.

Som soli sviva...
Som sol og stjerner...

SONG FOR THE NEW YEAR. *The first day of a new year makes one think about what we are actually doing here on Earth. We ramble around, stagger upright when we fall over, and struggle on – without really knowing what for. And when the day comes when we stop moving, someone else comes to continue this perpetual runaround.*

3. PERLESKUM (Den diktar aldri djupt som berre ser på gleda)

Vinje skriv ofte om sorga som kjelde for kunst, og om mørkret som må vere der for å gje gleda fylde. Bileteleg skildrar han det her som krinslaupet til det våte elementet; korleis det kjem frå sorgens djupe hav, blir til perleskum, så regnbogar, før det fell ned og væter tørste vekster.

Den diktar aldri djupt som berre ser på gleda,
for gleda må som fuglen laus på kvisten kveda.
Ein song som rørde barm med fylde strøymde av,
var alltid perleskum på sorgens djupe hav.

Det dansar dette skum og soli i det strålar,
alt til det driver opp og små regnbogar målar.
Frå djupet steig det opp og det til himmels må,
so fell det atter ned som dogg på turre strå.

PEARLY FROTH. The poet that sees only joy, remains forever shallow. Vinje often claimed that sorrow and darkness must be present for us to really appreciate joy and light. To the artist in particular, knowledge of the whole spectrum is essential to create something of true essence: 'The pearly froth on deep seas of sorrow will rise into tiny rainbows, and descend again as dew on dry straws'.

4. HALLING BASTA BOM

til ein påståeleg tvilar

HALLING, OR ELSE! *For a headstrong doubter*

5. EIT SYN

Fleire av Aasmund sine mest omfamna dikt skildrar den lengtande kjærleiken. Han hadde truleg førstehandskjennskap til nettopp dette. Sjølv gifta han seg ikkje før han var 51 år.

Ein gut her eg såg,
og han gjorde meg fjåg,
det var som eg skulle det drøyma.
Eg såg meg so sæl,
og eg minnest det vel,
eg aldri det kjem til å gløyma.

*Eg såg han der!
Det gjekk for mitt øyra som lundar.
Eg ser han her,
eg ser han best når eg blundar.*

Om let og om lag
og om andletets drag,
og om all hans venleik og sæla
og augo som brann,
eg seia ei kan:
eg ser det, men kan ikkje mæla.

*Eg fær han sjå!
Kvi syna seg for meg han måtte?
Aldri han få!
Borte og borte og borte.*

Ja borte han er
og endå so nær:
eg ser han, men ikkje med augom.
Eg sviv og eg sviv,
eg driv og eg driv,
og gjeng som eg gjekk millom draugom.

*Han gjeng for seg.
Slik hugnad eg aldri kan minnast.
Eg sviv for meg
med sorg, at vi aldri skal finnast.*

Den slike fær å sjå,
ho vera vel må
so glad at det gjeng over måten.
Men endå ser eg
at det svartnar for meg,
so mest eg må taka til gråten.

*Han gjeng for seg.
Slik hugnad eg aldri kan minnast.
Eg sviv for meg
med sorg, at vi aldri skal finnast.*

A VISION. In this poem, Vinje writes of love lost, intense yearning and trance-like sorrow. Several of Aasmund's best-loved poems deal with unrequited love, with which he probably had first-hand experience. He didn't marry until he was 51 years old.

6. FRAMVOKSTREN MIN

Aasmund Olavsson Vinje var liten før han vart stor, han òg! I forteljinga om oppveksten hans får me mellom anna eit lite glimt av ein forkomen gjetargut som leitar etter bukken sin, men som i staden finn ulvespor...

Eg liten var før eg vart stor.

Det er den gamle låten.

Og før eg hadde lært eit ord,
eg alltid tok til gråten.

Eg hyrding var og sprang og sleit
på gamle gutevisen.

Eg gjætte ku og sau og geit
og stundom jamvel grisen.

I regn og kjøld, når eg vart våt
og snjoen låg på nuten,
det tuttring var og stakkars gråt
på vesle frosne guten.

Og når so Blåmann burte var
og reven attåt gøydde,
og såg eg so eit ulvefar,
eg trudde plent eg døydde.

Og trøytt eg skalv som ospeblad,
og sat på bjørkestubben.
Til Gud for bukken min eg bad,
og banna ulveskrubben.

Å Blåmann, Blåmann, bukken min,
tenk på vesle guten.
Å Blåmann, Blåmann, bukken min,
tenk på vesle guten din.

MY CHILDHOOD. Even Aasmund Olavsson Vinje started out a little boy before growing into adulthood and prominence. This is his recollection of the toils and troubles of being a young shepherd, and of his worries for the animals he has been set to guard. Foxes and wolves are lurking, and Blue, his beloved billy goat, is nowhere to be found.

7. FARVEL, VÅR SON

(Faderen (*moderen*) til den heimanfarande sonen)

Om det er aldri så vemodig, så må foreldre klippe banda og la ungane reise ut. Dei må ut og få sjå den mangfaldige verda, for slik sjølve å bli vidsynte og tolerante menneske.

So må du då, vår beste gut,
frå oss i verdi draga ut!
Å ja, når fuglen fjør fær på,
han prøva må
med eigne venger sjølv å slå.

For trøngt du veit her heime er,
so rom for deg du ikkje fær.
Um eg var rik, du skulde ut
forutan sut
og livet sjå, min snille gut.

Den mann som alltid heime låg
og ikkje livsens lagnad såg,
han aldri såg det beste, han,
men vart ein mann
som dømde ilt um folk og land.

Farvel vår son! og vel du liv!
Og heim til oss imillom skriv!
Og kanskje so det lagast må
ei gong endå,
at me kverandre atter sjå.

GOODBYE, OUR SON. *A son has to leave home. However sad, his parents must send him out into the world for him to see things and become a broad-minded, tolerant human being. And with a bit of luck, they might even see him again... ‘Goodbye, our son, live well and prosper!’*

8. SORGENS KAPITTEL

Motgang og sorg prega truleg Aasmund og diktinga hans frå han var liten. Mor hans døydde av tæring då han var ti år gamal. Han trudde sjølv han var medskuldig i å ha svekka helsa hennar, fordi han vart amma til han var seks år.

Han var 13 år gammal då farmora tok sitt eige liv.

Også på kjærleksfronten gjekk det trått, men 51 år gammal gjekk han til alters med Rosa Constance Kjeldseth. Lukka vart kortvarig. Kona døydde i barselseng knappe året seinare.

GRIEF AND WORRY. *Adversity and grief probably influenced Aasmund and his poetry from an early age. His mother died of consumption when he was ten years old. He believed he had contributed to her deteriorating health because she breast-fed him until he was six.*

When he was 13, his paternal grandmother took her own life.

He didn't have much success in love, either, until he married Rosa Constance Kjeldseth at age 51. But their happiness didn't last long. Less than a year later, his wife died in childbirth.

9. ATTESYN

«*Det heile liv kjem att i solblank dag med tungsin i sitt fagre andletsdrag.*»
Å sjå seg tilbake kan vere både godt og gale. Mangt kan ein ange på, men
eitt og anna fint kan ein også finne i kjølvatnet etter eit levd liv.

Eg tenkjer på so mang ein slokna dag,
og liksom sky og skodd for vindens drag
so gamal dårskap gjennom minnet jagar.
Det godt eg stundom gjorde då og då,
er hist og her ein flekk av himlens blå
som fram igjenom skoddeheimen dagar.

Eg frisknar opp og kjenner meg som ny.
Men so i ville jag kjem etter sky,
og himlens blå for meg vert etter burte.
Det grånar kring meg, og eg fryser bleik;
det bit i bringa at eg var so veik
at slik i striden min eg synda turvte.

Å minnast hat og harm er sjukt og sårt.
Det dagar opp og lagar seg til klårt,
og sky og skodd som røyk til himmels fara.

Og alle dei eg elskar, stiga fram
frå blåe djup ved myrke skyatram
og på dei gamle spørsmål kjærleg svara.
Dei dalar ned og leikar til og frå
og med den gamle elskan på meg sjå,
og kviskrar til meg om dei gamle tider.

Det heile liv kjem att i solblank dag
med tungesinn i sitt fagre andletsdrag.
D'er søtt om endå det i hugen svider.

HINDSIGHT. Looking back brings both good things and bad. There will be much to regret, but in the wake of a life lived, there will be good things. Not least looking back brings to life memories of those no longer among us.

10. TYTEBÆRET

Kva er større enn å få vere noko for nokon?

Tytebæret oppå tuva
voks utav ei liti von.
Skogen med si grøne huva
fostrar mang ein raudleitt son.

Ein gong seint om hausten lagde
liten svein til bær-skogs ut:
«Raudt eg lyser», bæret sagde,
«kom åt meg, du vesle-gut.

Her ifrå du må meg takå:
Moge bær er utan ro.
Mal meg sundt at du kan smaka
svaledrykken av mitt blod!

Mognar du, so vil du beda
just den same bøn som eg.
Mogen mann det mest må gleda
burt for folk å gjeva seg.»

LINGONBERRY. A ripe lingonberry shines red in the autumn forest, begging a small boy passing to pick it. In a sense, this is how it is for all of us – what brings greater joy than being something to somebody?

UNNI BOKSASP: song
JORUN MARIE KVERNBERG: fele,
hardingfele, song
DANIEL HERSKEDAL: tuba
DAG-FILIP ROALDSNES: piano, song

Innspelt i Øra Studio, Trondheim
sept./nov. 2019.

Musikken er komponert av Jorun Marie Kvernberg, men musikarane er medarrangørar.

Aasmund Olavsson Vinje står for alle songtekstene/dikta, men dei er delvis bearbeidd av J. M. Kvernberg.

Unni Boksasp er hovudvokalist i alle songane, med unntak av «Eit syn» og «Farvel, min son», der Jorun Marie Kvernberg syng.

Dikta er særleg henta frå «A. O. Vinje - skrifter i samling bind V» ved Olav Midttun (utgåver frå 1921 og 1938) og frå «Blomar veks i såret. Dikt i utval» ved Olav Vesaas (1975). For korrekte

versjonar av dikta må ein søke til kjelder, då eg har omarbeidd dikta og utelegg til eiga fordjuping har Fridtjov Urdal og Tore Nysæther kome med verdfulle innsyn i og tolkingar av Vinje sitt liv og hans lagnad. Takk!

Produsent: Lars Andreas Haug
Opptak: Jo Ranheim i Øra Studio
Miks og mastering: Henning Svoren i Ocean Sound Recordings
Design: Eva Karlsson
Engelsk omsetting: Svein Svarverud
Framsidefoto: Jorun Marie Kvernberg
Bandfoto: Oddleiv Apneseth

Albumet er støtta av Norsk Kulturråd, Furestiftelsen og Fond for utøvende kunstnere. Takk til Førdefestivalen, Tore Nysæther, Fridtjov Urdal, Kjellrun Hamnes Espe, Harald R. Lund, Dextra Musica, Jo Ranheim og Henning Svoren.

Tusen takk til Unni, Daniel, Dag-Filip og Lars Andreas!

